



# Innst. O. nr. 17

(2003-2004)

## Innstilling til Odelstinget fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen

Ot.prp. nr. 103 (2002-2003)

### Innstilling fra familie-, kultur og administrasjonskomiteen om lov om endringer i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m.

Til Odelstinget

#### 1. SAMMENDRAG

##### 1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Barne- og familiedepartementet legg fram forslag til endringer i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) og i lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova). I samband med arbeidet med ekteskapslova av 1991 peikte departementet på nokre problematiske sider ved i stadig aukande grad å tildele vigselkompetanse til trussamfunn av ulike religiøs, kulturell, etnisk og språkleg bakgrunn. Stortinget bad departementet om å følgje utviklinga av ulike trussamfunn nøye, med tanke på faren for at talet på ugyldige vigslar skal auke. Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn, og departementet vil derfor foreslå nokre lovendringar som tek omsyn til dette på ein betre måte, og som samtidig er eit ledd i ein fornya innsetning frå Regjeringa mot tvangsekteskap.

Departementet foreslår å innføre obligatorisk borgarleg prøving av ekteskapsvilkåra, og at det er folkeregistra som skal stå for denne prøvinga. Det inneber at vigslarane kan konsentrere seg om dei seremonielle og religiøse sidene ved vigselen. Som ei følgje av at vigslaren ikkje lenger skal prøve ekteskapsvilkåra, blir det foreslått at ein vigsel utført i Noreg, ikkje er gyldig utan at det ligg føre ein gyldig prøvingsattest.

Departementet går også inn for at ekteskapslova får ei ny føresegn som gir fylkesmannen høve til å reise sak om eit ekteskap er gyldig eller ikkje. Departementet foreslår vidare at det blir teke inn ei ny føre-

segn i barnelova som gjer det tydeleg at foreldre eller andre ikkje kan gjere ein bindande avtale om ekteskap på vegner av barnet.

Departementet fremjar samtidig forslag om at reglane i ekteskapslova om kven som kan utføre ein vigsel, blir utvida til å gjelde også seremonileiarar eller tilsvarande i livssynssamfunn som får tilskot etter lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn, når Kongen har godkjent forma.

##### 1.2 Prøving av ekteskapsvilkåra

###### 1.2.1 Vurderingar og forslag frå departementet

###### 1.2.1.1 VAL AV PRØVINGSINSTANS

Ei ordning med offentlig prøving av ekteskapsvilkåra for alle vil etter departementet si vurdering truleg føre til at ekteskapsvilkåra blir grundigare prøvde enn det som i mange tilfelle skjer i dag. Det kan vere ein effektiv måte å få bukt med dei problema som er avdekte om brot på ekteskapslova og manglande rutinar i samband med prøvinga av ekteskapsvilkåra. Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn, og det gir utfordringar i høve til norskkunnskapar og norsk lovforståing i trussamfunn som representerer innvandrarbefolkninga. Departementet legg til grunn at innføring av obligatorisk borgarleg prøving av ekteskapsvilkåra særleg kan kome desse utfordringane i møte. Forslaget gjer det også lettare å sikre at dei som skal stå for prøvinga, har god kunnskap om regelverket. Det blir då også mogleg å føre ein grundigare kontroll av om ein av brudefolka er gift frå før, og at norsk ekteskapsalder blir følgt. Ved å innføre ei offentlig prøving av ekteskapsvilkåra ønskjer departementet også å oppnå at talet på tvangsekteskap blir redusert. Departementet legg til grunn at offentlig tilsette som er underlagt instruksjon, har lettare for heilt objektivt å kontrollere at brudefolka inngår ekteskap frivillig, enn til dømes ein forstandar i eit trus-

samfunn eller ein prest i ein kyrkjelyd, som kan vere under press frå trussamfunnet/kyrkjelyden under prøvinga.

At det berre er éin instans, kan vere mest fordelaktig, ettersom det kan gi ei betre og meir einsarta saksbehandling, eit syn som mange av høyringsinstansane støttar. Etter departementet si vurdering bør derfor obligatorisk borgarleg prøving leggjast til éin instans, men av praktiske grunnar bør prøvingskompetansen til norsk utanrikstenestemann vidareførast.

Folkeregisteret er ein instans som er godt eigna til å overta prøvinga av ekteskapsvilkåra. Folkeregistra har tilgjengeleg mykje av den informasjon som er viktig for prøving av ekteskap, og er såleis nærmast grunnlagskjelda for dei opplysningane som skal kontrollerast.

Folkeregistra får såleis betre høve til å kontrollere at dei opplysningane partane gir, er rette, enn dei instansane som i dag står for prøvinga.

Ei overføring av oppgåva med prøving av ekteskapsvilkåra til folkeregistra har den ulempe at brudefolka må vende seg til to instansar, først folkeregisteret, dernest den vigslaren som skal utføre sjølve vigselen. Men departementet kan ikkje sjå at det er noka stor ulempe for partane.

Departementet meiner, i likskap med eit stort fleirtal av høyringsinstansane, at kompetansen til å prøve ekteskapsvilkåra bør flyttast frå vigslarane til folkeregisteret. Omsynet til likebehandling og nøytralitet taler for at prøvinga blir flytta frå alle vigslarar.

Etter departementet si vurdering er det uheldig om prøvinga blir delt mellom folkeregistra og notarius publicus. I tillegg til at ei slik kombinert løysing verkar uoversiktleg og kan skape komplikasjonar for brukarane, kan ordninga føre til ulik praksis.

Departementet foreslår at all prøving av ekteskapsvilkår i Noreg skal leggjast til folkeregisteret.

Departementet held fast på forslaget om at fylkesmannen framleis skal vere klageinstans.

#### 1.2.1.2 ANDRE FORSLAG SOM FØLGJE AV Å INN- FØRE OBLIGATORISK BORGARLEG PRØVING VED FOLKEREGERET (PRØVINGSATTEST, KLAGEORGAN OSV.)

Som ei følgje av at prøvinga blir foreslått overført til ein annan instans enn den som er vigslar, er det nødvendig at det blir skriva ut ein attest som viser at vilkåra er prøvde, og at det ikkje er noko til hinder for at brudefolka kan inngå ekteskap. Vigslaren må få prøvingsattesten før vigselen kan gjennomførast. Departementet held på forslaget i høyringsnotatet om at prøvingsattesten skal gjelde i fire månader.

Departementet held også på forslaget i høyringsnotatet om at ein vigsel som er utført i Noreg, ikkje er gyldig etter norsk rett dersom det ikkje ligg føre gyl-

dig prøvingsattest frå folkeregisteret. Som gyldig prøvingsattest gjeld også gyldig prøving gjort i eit anna nordisk land.

Departementet vil oppheve regelen i § 10 andre ledd om at det vanlegvis skal gå ei veke frå dokumentasjon blir innlevert, til ein prøvingsattest kan skriva ut. Departementet kan ikkje sjå at det skal vere grunn til å vente med å skriva ut prøvingsattest dersom den nødvendige dokumentasjonen ligg føre.

På bakgrunn av at departementet no foreslår at prøving av ekteskapsvilkåra skal leggjast til folkeregistra i alle saker, vil departementet halde på forslaget om at dette også skal gjelde for prøving av vilkåra i samband med registrering av partnarskap.

Departementet foreslår at prøvingskompetansen til norsk utanrikstenestemann blir vidareført.

### 1.3 Forslag om å gi fylkesmannen høve til å reise sak om eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig

#### 1.3.1 *Vurderingar og forslag frå departementet*

Eit av dei sivilprosessuelle grunnprinsippa er disposisjonsprinsippet, som går ut på at det i stor grad står folk fritt korleis dei vil ordne rettsforholda sine. Ifølgje den privatrettslege disposisjonsfridommen er det opp til partane om dei vil bruke rettsapparatet, reise sak, gjennomføre eller fråfalle saka osv. I utgangspunktet taler dette imot å gi fylkesmannen høve til å reise sak om eit ekteskap er gyldig eller ikkje. Men samtidig og i visse tilfelle har det offentlege rett til, og som regel også plikt til, å reise sak eller opptre i ei sak som alt er reist, for å sikre dei offentlege interessene i saka.

Eit anna viktig motargument, som fleire høyringsinstansar peiker på, er at ei føresegn om at offentlege styresmakter har rett til å reise sak om eit ekteskap er gyldig, kan bli utan praktisk verknad, slik Ekteskapslovutvalet konkluderte. Det skal mykje til før det offentlege vil ta seg bryet med å gå til rettslege steg for å få avgjort spørsmålet om eit ekteskap er gyldig. Partane kan sjølve reise slik sak, og det kan argumenterast for at det er ei betre løysing at partane sjølve avgjer dette spørsmålet. Dersom ein av partane eller begge ønskjer ein stønad, ei teneste eller ein rett der det er avgjerande at ekteskapet er gyldig, er det ikkje urimeleg at dei sjølve må få avklart spørsmålet.

Departementet har likevel kome til at det i visse tilfelle kan vere ei sterk offentlig interesse i å få avklart spørsmålet om eit ekteskap er gyldig eller ikkje. Den sterke merksemda tvangsekteskap har fått dei siste åra, har vist at det kan vere eit større behov for ei slik avklaring enn det Ekteskapsutvalet gjekk ut frå. På bakgrunn av dette og den breie støtta frå fleirtalet av høyringsinstansane held departementet på forslaget.

Spørsmålet om eit ekteskap er gyldig eller ikkje, er praktisk å få avklart i tilfelle der den eine eller begge partar bruker falsk identitet ved inngåinga av ekteskapet.

Departementet vurderer det slik at heimelen m.a. kan nyttast der det kan stillast spørsmål om eit ekteskap inngått i utlandet, strir mot norsk rettskjensle (ordre public), til dømes på grunn av låg ekteskapsalder.

Den viktigaste grunngevinga for å gi fylkesmannen søksmålskompetanse i slike saker er at fylkesmannen kan ha høve til å reise sak der det er snakk om eit tvangsekteskap. Det kan vere til hjelp for ein part som meiner at det ligg føre tvangsekteskap, men som føler at det er ei for stor belastning å gå til sak sjølv.

Nokre høyringsinstansar meiner at søksmålskompetansen bør avgrensast til tvangsekteskapstilfella, andre er av den oppfatning at søksmålskompetansen bør vere generell. Etter departementet si vurdering bør det vere ein generell søksmålskompetanse, sidan det offentlege kan ha behov for å reise sak.

I høyringsnotatet blei det reist spørsmål om andre instansar enn fylkesmannen burde ha ein slik søksmålskompetanse.

Både trygdekontoret og utlendingsstyresmaktene kan ha behov for søksmålskompetanse på dette området. Også folkeregistra har i somme saker eit behov for å få ei avklaring av om eit ekteskap er gyldig eller ikkje.

Departementet ser at også andre instansar kan ha behov for å reise sak om eit ekteskap er gyldig, men er av den oppfatning at det er mest ryddig/oversiktleg og formålstenleg at slik søksmålskompetanse for andre enn partane blir avgrensa til fylkesmannen. Etter gjeldande rett kan fylkesmannen reise sak om oppløysing av ekteskap i visse tilfelle, og fylkesmannen hadde tidlegare ein slik generell kompetanse.

Sjølv om berre fylkesmannen får søksmålskompetanse, bør andre offentlege instansar ha høve til å be fylkesmannen om å vurdere å reise sak om eit ekteskap er gyldig. Eit slikt høve bør i så fall nyttast berre unntaksvis, for å få avklart prinsipielle saker, til dømes kan det vere spørsmål om eit utanlandsk inngått ekteskap strir mot norsk rettskjensle (ordre public) på grunn av låg ekteskapsalder. Det bør ikkje vere slik at alle saker der ein offentlig instans er i tvil om eit ekteskap er gyldig eller ikkje gyldig, skal leggjast fram for fylkesmannen. Heimelen bør nyttast når det vil vere svært uheldig at situasjonen ikkje blir avklart. Eit slikt tilfelle kan vere når det til dømes ligg føre ein straffedom for tvangsekteskap i saka, jf. straffelova § 222, og tvangsekteskapet består, då vil det kanskje vere nærliggjande at fylkesmannen reiser sak, jf. forslag til ny § 16 a. Også her bør det vere i

samsvar med ønsket til den eller dei som har vore utsett for tvangen. Sjølv om det ligg føre ein straffedom for tvangsekteskap, kan vedkomande som har vore utsett for tvangen, ønskje å få ekteskapet oppløyst ved skilsmisse, til dømes av omsyn til barna, framfor å få dom for at ekteskapet er ugyldig.

Departementet er einig med dei høyringsinstansane som har uttalt at føresegna må nyttast med varsemnd, på grunn av dei store konsekvensane ein dom som slår fast at eit ekteskap er ugyldig, kan få.

Tvangsekteskap kan vere ei stor påkjenning for den eller dei som har vore utsett for det. I fleire tilfelle har den som har vore utsett for tvangen, valet mellom å godta ekteskapet eller å bli utstøytt av familien. Etter departementet si oppfatning bør derfor fylkesmannen ikkje reise sak ved mistanke om tvangsekteskap med mindre det er gjort i forståing med ein eller begge ektemakane. Dette utgangspunkt verkar naturleg, då den eller dei som har vore utsett for tvangen, reint faktisk vil ha stor innverknad på utfallet av saka. I mange tilfelle kan det vere vanskeleg å få saka opplyst dersom ikkje vedkomande ønskjer at fylkesmannen skal gå til sak. Hans eller hennar forklaring vil ofte vere det viktigaste i saka.

Problemstillingar knytte til teieplikt og opplysningsplikt er reiste av nokre av høyringsinstansane. Når fylkesmannen skal vurdere om det er grunnlag for å reise sak ved mistanke om tvangsekteskap, kan fylkesmannen ha behov for å hente inn fråsegner frå andre instansar som har lovpålagt teieplikt. Departementet finn det ikkje formålstenleg å innføre ei opplysningsplikt for andre offentlege instansar ved mistanke om tvangsekteskap. Ei slik opplysningsplikt kan føre til ein risiko for at dei som har vore utsette for tvangsekteskap, vil vegre seg for å oppsøkje hjelpeapparatet. Det vil vere ein uheldig og utilsikta konsekvens. Det å gi fylkesmannen ein søksmålskompetanse vil ikkje ha følgjer for reglane om offentlege og private organ si teieplikt og opplysningsplikt.

## **1.4 Endring i barnelova**

### ***1.4.1 Vurderingar og forslag frå departementet***

På bakgrunn av den breie støtta frå høyringsinstansane ønskjer departementet å halde på forslaget om å ta inn ei føresegn i barnelova som seier uttrykkeleg at avtalar om ekteskap på vegner av mindreårige ikkje er bindande. Ei lovfesting av dette prinsippet i barnelova kan vere eit verkemiddel i arbeidet med å opplyse miljø der det skjer at foreldre avtaler ekteskap for dei mindreårige barna sine. Ein slik effekt føreset, som nokre av høyringsinstansane peiker på, at lovregelen må gjerast kjent for målgruppa. Departementet vil derfor arbeide vidare med å finne fram til effektive måtar å gjere denne regelen kjent på.

I høyringsnotatet blei det drøfta om slike lovstridige avtalar om ekteskap for mindreårige skal kunne straffesanksjonera, men departementet kom i høyringsnotatet til at det neppe var ein brukande veg å gå.

Departementet har vurdert problemstillinga på nytt, men har som i høyringsnotatet kome til at det ikkje er formålstenleg å straffesanksjonere slike lovstridige avtalar.

Departementet er einig med Kyrkjerådet, som foreslår eit tillegg i lovforslaget for å synleggjere at også avtalar som andre enn foreldra gjer om ekteskap for barn, ikkje er bindande. Av omsyn til signal- og opplysningseffekten ser departementet at det kan vere formålstenleg å tydeleggjere i lova at heller ikkje avtalar om ekteskap som andre, til dømes brøt eller onklar, gjer på vegner av mindreårige, vil vere rettsleg bindande. Lovforslaget blir endra i tråd med forslaget frå Kyrkjerådet.

## 1.5 Vigselrett til livssynssamfunn

### 1.5.1 *Vurderingar og forslag frå departementet*

#### 1.5.1.1 GENERELT

Departementet ønskjer å halde på forslaget om å likestille registrerte trussamfunn og livssynssamfunn ved å gi dei same høve til å få vigselkompetanse. Forslaget fekk brei støtte i høyringsrunden.

Eit argument som kan brukast mot å opne for å gi livssynssamfunn vigselkompetanse, er at det alt er eit godt utbygt og dekkjande system for borgarlege vigslar. Men Human-Etisk Forbund peiker på at dei ønskjer å tilby ein humanistisk vigsel- eller partnerskapsseremoni og ikkje ein livssynsnøytral seremoni, slik det borgarlege vigselritualet er.

Etter departementet si vurdering er det naturleg at Human-Etisk Forbund blir likestilt med registrerte trussamfunn når det gjeld retten til å utføre vigslar.

#### 1.5.1.2 KVEN SKAL HA RETT TIL Å VERE VIGSLAR I EIT LIVSSYNSSAMFUNN?

For at livssynssamfunn skal få vigselkompetanse på linje med registrerte trussamfunn, bør det opprettast ei godkjenningsordning tilsvarande den ordninga som gjeld for registrerte trussamfunn. Etter ekteskapslova § 12 a kan ein godkjent prest eller ein forstandar i eit registrert trussamfunn utføre vigslar dersom Kongen (delegert til Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA)) har godkjent forma for inngåing av ekteskap.

Departementet har i høyringsnotatet peikt på at det må takast stilling til kven som skal godkjennast som vigslar, og at desse vilkåra må ta utgangspunkt i dei vilkåra som blir stilte for å bli godkjent som prest eller forstandar i eit registrert trussamfunn. Dersom

departementet skal setje slike vilkår, er det nødvendig med ein forskriftsheimel.

På denne bakgrunn held departementet på forslaget om å gi ein forskriftsheimel i ekteskapslova til å fastsetje vilkår for både tildeling og eventuell tilbakeføring, og også til den enkelte vigslaren.

#### 1.5.1.3 RESERVASJONSRETT

Det følgjer av ekteskapslova § 13 første ledd at ein prest i Den norske kyrkja og ein prest eller forstandar i eit registrert trussamfunn kan nekte å utføre ein vigsel dersom ein av brudefolka ikkje høyrer til trussamfunnet, eller dersom ingen av dei høyrer til kyrkjelyden.

Human-Etisk Forbund ønskjer ein tilsvarande reservasjonsrett som den som går fram av ekteskapslova § 13 første ledd. Sidan Human-Etisk Forbund vil tilby ein vigsel der humanistiske verdiar blir framheva spesielt som det grunnlaget paret vil bygge samlivet sitt på, ønskjer dei til dømes å ha rett til å nekte å utføre vigslar dersom ingen av partane er medlem av dette samfunnet.

Departementet vil halde fram at reservasjonsretten etter § 13 første ledd i ekteskapslova gjeld retten til å nekte å utføre ein vigsel dersom ein av brudefolka ikkje er medlem av trussamfunnet, eller ingen av dei høyrer til kyrkjelyden. Nekting på grunn av manglande kapasitet kjem ikkje inn under denne føresegna. Men departementet legg til grunn at i dei tilfella då det oppstår kapasitetsproblem, må problemet løysast på ein formålstenleg måte, til dømes ved ventelister.

Barne- og familiedepartementet foreslo i høyringsnotatet at også livssynssamfunn får ein slik reservasjonsrett som følgjer av ekteskapslova § 13 første ledd. Departementet held oppe forslaget. Forslaget samsvarer også med reglane for registrerte trussamfunn.

## 2. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eirin Faldet, Trond Giske og Torny Pedersen, fra Høyre, Afshan Rafiq, lederen Sonja Irene Sjøli og Olemic Thommessen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, fra Sosialistisk Venstreparti, Magnar Lund Bergo og May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, Sigmund Kroslid og Ola T. Lånke, og fra Senterpartiet, Eli Sollied Øveraas, registrerer at Barne- og familiedepartementet med dette følger opp Regjeringens tiltaksplan mot tvangsekteskap fra 2002, og at de foreslåtte lovendringene er en oppfølging av Handlingsplan mot tvangsekteskap fra 1998.

Tiltakene som foreslås er blant flere tiltak for å forhindre tvangsekteskap. På denne bakgrunn er komiteen glad for at det nå foreslås en del endringer som vil forebygge og tydeliggjøre at tvangsekteskap er forbudt i Norge.

Komiteen mener at tvangsekteskap kan karakteriseres som ekteskap som inngås uten at den enkelte kan velge om en vil gifte seg, eller hvem han/hun vil gifte seg med. Uansett vil komiteen understreke at tvangsekteskap ikke skal aksepteres, og er straffbart etter norsk lov.

Komiteen vil fremheve at det å inngå ekteskap skal være basert på frivillighet og forståelse for hvilke praktiske, familiemessige og juridiske konsekvenser ekteskapet medfører.

Komiteen vil understreke at muligheten til selv å velge den man vil gifte seg med er en grunnleggende menneskerettighet, jf. FNs Verdenserklæring om menneskerettigheter art. 16. Komiteen har med bekymring sett at tvangsekteskap i Norge er mer utbredt enn man tidligere var klar over, og er derfor opptatt av at rettighetene til dem som rammes må styrkes. Videre vil komiteen sende ut klare signaler til dem som utøver tvang i relasjon til ekteskapsinngåelse om at dette er straffbart.

Komiteen er positiv til Regjeringens forslag om en obligatorisk offentlig prøving av ekteskapsvilkårene. Det vil bety at vielser uten en slik offentlig prøving av vilkårene vil være ugyldige. Regjeringen foreslår at det er Folkeregisteret (eller norsk utenriks-tjenestemann i utlandet) som skal gjennomføre prøvingen. Dette for å bedre kontrollen med at brudefolket oppfyller vilkårene for å inngå ekteskap etter norsk lov. Komiteen har merket seg at departementet ønsker å oppnå at antallet tvangsekteskap reduseres ved å innføre offentlig prøving. Det legges til grunn at offentlig ansatte underlagt instruksjon har større mulighet til helt objektivt å kontrollere brudefolkens frivillighet, enn for eksempel en forstander i et trossamfunn og/eller en prest i en menighet som kan være under press fra trossamfunnet/menigheten under prøvingen. Dette slutter komiteen seg til. Videre foreslår Regjeringen at dersom Folkeregisteret finner at vilkårene for ekteskapsinngåelse er i orden, utstedes en attest som er gyldig i fire måneder. Dersom Folkeregisteret avslår godkjenning, kan brudefolket klage til fylkesmannen.

Komiteen viser til at barn i annen lovgivning gis rett til særlige beskyttelsestiltak i kraft av å være fysisk og psykisk umodne. Å ta inn en bestemmelse i barneloven som uttrykkelig sier at avtaler om ekteskap på vegne av mindreårige ikke er bindende, vil være et virkemiddel i arbeidet med å opplyse miljøer der det forekommer at foreldre avtaler ekteskap for sine mindreårige. Komiteen slutter seg til at regelen blir gjort kjent på en effektiv måte. Regjeringens

forslag er en ny bestemmelse i barneloven § 30 a, som sier at en avtale foreldre eller eventuelt andre gjør på vegne av et barn, ikke er bindende. Dette er en tydeliggjøring av noe som allerede følger av norsk rett. En avtale om framtidig ekteskap inngått på vegne av mindreårige, vil heller ikke med rettstilstanden i dag, være rettslig bindende. Komiteen har merket seg at Regjeringen ikke finner det hensiktsmessig å straffesanksjonere slike lovstridige avtaler. Komiteen støtter dette.

Komiteen er positiv til at det innføres vigselfrett for livssynssamfunn, og har merket seg at i praksis gjelder dette så langt kun Human-Etisk Forbund.

Komiteen har merket seg at Regjeringen foreslår å gi fylkesmannen mulighet til å reise sak for å få prøvet om ekteskap er gyldig, og at det forutsettes at denne muligheten brukes med varsomhet, og i samarbeid med én av eller begge partene. Komiteen støtter disse forslagene.

Komiteen viser til behandlingen av Dokument nr. 8:122 (2002-2003), jf. Innst. O. nr. 132 (2002-2003), der det ble fremmet forslag om endringer i ekteskapsloven med det formål å ivareta muslimske kvinners rett til skilsmisse. Som en konsekvens av lovendringen ba Stortinget Regjeringen sørge for at brudefolk ved inngåelse av ekteskap underskriver en erklæring om at de aksepterer hverandres like formelle rett til skilsmisse.

Komiteen har merket seg at det fra mange hold, blant annet ulike kirkesamfunn, har kommet reaksjoner på denne lovendringen, på bakgrunn av at en slik erklæring oppleves som et brudd på selve intensjonen med ekteskapet. Komiteen er av den oppfatning at både hensynet til muslimske kvinners rett til skilsmisse og hensynet til at ekteskapet som en forpliktelse mellom to parter kan ivaretas samtidig. Komiteen ber derfor departementet se på andre formuleringer av intensjonene i Innst. O. nr. 132 (2002-2003): "Erklæringen fra brudefolkene før prøving av ekteskapsvilkårene".

Komiteen støtter på det nåværende tidspunkt Regjeringens forslag om at Folkeregisteret får myndighet til en obligatorisk offentlig prøving av ekteskapsvilkårene før ekteskapsinngåelse kan være gyldige, og at det innføres en vigselfrett for livssynssamfunn.

På denne bakgrunn vil komiteen fremme følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen følge utviklingen av utvidelsen av vigselfkompetansen og Folkeregisterets myndighet til prøving av ekteskapsvilkårene, og vurdere virkning av intensjon om å forebygge tvangsekteskap, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte innen utgangen av denne stortingsperioden."

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, vil understreke at tvangsekteskap er noe annet enn arrangerte ekteskap. Begrepet arrangerte ekteskap henspiller etter flertallets mening til at familien deltar aktivt for å finne eller foreslå kandidater til ektemake. Avgjørende for spørsmålet om det foreligger tvang blir om forslaget til ektemake reelt gir den unge en mulighet til å si nei. Dersom det arrangerte ekteskap er inngått fordi en av partene eller begge er utsatt for et press, og dette presset er så utilbørlig at vedkommende opplever å ikke ha et valg, vil det etter flertallets mening være straffbar tvang.

Flertallet vil påpeke at grensen mellom arrangerte ekteskap og tvangsekteskap er vanskelig å trekke, og legger i mange tilfeller stort ansvar på unge skuldre. Kulturkollisjon mellom foreldregenerasjon fra et annet land og ungdom vokst opp i Norge er her en utfordring. Tilsvarende problemer med ulike forventninger kan oppstå for ektefeller som blir inngiftet i en familie der den ene parten er oppvokst i Norge, eller har bodd her lenge.

Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre og Kristelig Folkeparti, er enig i Regjeringens forslag om at fylkesmannen skal gis søksmålskompetanse og myndighet til å reise sak om ekteskap er gyldig, og at andre offentlige instanser må ha mulighet til å be fylkesmannen vurdere å reise sak om et ekteskap er gyldig. Det forutsettes at denne muligheten brukes med varsomhet. Dette flertallet er ikke enig i at fylkesmannens myndighet til å reise sak, skal gjøres avhengig av at en eller begge av partene ønsker det. Dette flertallet mener at det må være fylkesmannens vurdering, på bakgrunn av informasjon fylkesmannen kan være i besittelse av, som avgjør om partene i en ekteskapsinngåelse er i en slik tvangssituasjon at de ikke tør uttrykke seg mot tvangen. Slik dette flertallet ser det, er det bedre å legge denne byrden på fylkesmannen, enn å avskjære enhver mulighet for at fylkesmannen kan ta på seg rollen som ombud for parter som åpenbart er utsatt for sterkt sosialt press, men som ikke selv har mulighet til å uttrykke tvangen fra familiemedlemmer.

Dette flertallet er på denne bakgrunnen uenig i at andre offentlige instanser ikke skal ha opplysningsplikt ved mistanke om tvangsekteskap, bigami og giftermål som inngås med mindreårig, eller andre relevant brudd på denne loven.

Dette flertallet trekker her en parallell til behandlingen av Ot.prp. nr. 9 (2002-2003), Innst. O. nr. 64 (2002-2003), der det blir uttalt at taushetsplikten ikke må praktiseres på en slik måte at utsatte barn og unge ikke får den hjelpen de trenger.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet er svært glad for at man nå får den nødvendige lovendringen som forbyr tvangsekteskap i Norge. Innvandrere til Norge kommer fra en rekke forskjellige kulturer og med ulike samfunnstradisjoner, men felles for mange av disse kulturene er et kvinnesyn som harmonerer dårlig med det norske. Det norske syn er trygt forankret i et vestlig og universelt syn på enkeltindividets rettigheter og likeverd. Individets rettigheter er blant annet nedfelt i FNs menneskerettighetserklæring.

Disse medlemmer vil understreke at tvangsekteskap er til forveksling lik arrangerte ekteskap. Begrepet arrangerte ekteskap henspiller etter disse medlemmers mening til at familien aktivt finner ektemake og avtaler ekteskap. I slike arrangerte ekteskap ligger det så mye sosialt press at de færreste våger å opponere mot sin egen familie. Derfor blir slike ekteskap ofte - urettmessig - ikke sett på som tvangsekteskap. Disse medlemmer merker seg at det eneste som skiller tvangsekteskap fra arrangert ekteskap er aktiv motstand fra en eller begge parter i et påtenkt ekteskap. En så liten forskjell minker ikke det forkastelige i arrangerte ekteskap.

Disse medlemmer mener at ikke bare utilbørlig press, men også mildt press, innebærer tvang. Det at foreldre eller andre slektninger arrangerer et ekteskap, er i seg selv press av en så sterk grad at det innebærer tvang.

Disse medlemmer tar avstand fra både tvangsekteskap og arrangerte ekteskap. Dette fordi overgangen mellom de to ulike ekteskapsformene ofte er glidende, nesten en umerkelig overgang, og det er derfor vanskelig å skille mellom de to formene.

Disse medlemmer merker seg at det i 1999 ble arrangert et møte i Oslo, av blant annet Norges Røde Kors, hvor en pakistansk politisjef fra byen Quetta ga en orientering om kvinnens stilling i Pakistan. Han fortalte at alle i Pakistan er sikret de samme rettigheter og diskriminering av kvinner er forbudt ifølge § 25 i den pakistanske grunnlov. Det betyr at tvangsekteskap er kulturelt eller religiøst betinget.

Disse medlemmer er av den oppfatning at både tvangsekteskap og såkalte arrangerte ekteskap må likebehandles i lover, forskrifter og regler.

Disse medlemmer foreslår derfor følgende:

"Stortinget ber Regjeringen om å tilpasse lovteksten slik at det ikke gjøres forskjell på tvangsekteskap og arrangerte ekteskap."

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti vil peke på at de endringene som blir foreslått i ekteskapsloven, vil være til hjelp for de som er sterke nok til å bære belastningene med å evt. miste kontakt med familien. Regjeringens fore-

slåtte endringer i ekteskapslovgivningen har derimot lite å tilby dem som har et sterkt sosialt press om såkalt arrangert ekteskap, men som ikke kan bære et evt. tap av familiekontakt. Disse medlemmer kan se at arrangerte ekteskap i denne sammenhengen nærmer seg betegnelsen tvangsekteskap.

Disse medlemmer viser til Sosialistisk Venstrepartis merknad i forbindelse med behandlingen av Dokument nr. 8:50 (2001-2002), og Innst. S. nr. 129 (2001-2002), hvor det ble sagt følgende:

"Sosialistisk Venstreparti viser til at for å hindre tvangsekteskap og flergifte, er det viktig at kontrollen rundt gyldigheten av ekteskapsinngåelse er god. Disse medlemmer mener det er nødvendig å sikre dette ved at vigsel kun utføres av Notarius Publicus (dommer i tingretten), med utgangspunkt i dagens borgerlige vigsel. Dette medfører at trossamfunn ikke lenger har vigselfrett, og at de som ønsker religiøse seremonier knyttet til ekteskapsinngåelse, arrangerer dette i tillegg. Særlig må straffeansvar for Notarius Publicus og vitner vurderes i forhold til om ekteskaper er inngått frivillig og om partene ikke allerede er gift."

Disse medlemmer mener også at vigsler i utlandet som skal gi grunnlag for familiejenforening i Norge, skal inngås på en norsk ambassade eller konsulat. Dette er for å sikre at personer ikke utsettes for tvang ved at vielsen foregår i et land der tvangsekteskap er akseptert og der mulighetene for å få hjelp dersom en blir truet til ekteskap, er små.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti understreker det strenge kriterium som er trukket opp for fylkesmannens myndighet, og mener at fylkesmannen ikke får nødvendig grunnlag til å fremme slike saker, uten mulighet for innhenting av informasjon fra andre offentlige instanser, som er belagt med taushetsplikt.

### 3. FORSLAG FRA MINDRETALL

#### Forslag fra Fremskrittspartiet:

Stortinget ber Regjeringen om å tilpasse lovteksten slik at det ikke gjøres forskjell på tvangsekteskap og arrangerte ekteskap.

### 4. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Odelstinget til å gjøre slike

vedtak:

A.

Vedtak til lov

om endringer i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap (ekteskapslova) m.m.

I

I lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre blir det gjort følgende endringer:

Ny § 30 a skal lyde:

§ 30 a. *Avtale om ekteskap.*

*Ein avtale foreldre eller andre gjer om ekteskap på vegner av barnet, er ikkje bindande.*

II

I lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap blir det gjort følgende endringer:

§ 6 andre ledd skal lyde:

Prøvingen foretas av *folkeregisteret eller av norsk utenriksstjenestemann* på det stedet der en av brudefolkene bor, eller om ingen av brudefolkene har bopel her i landet, på det stedet der en av dem oppholder seg. *Norsk utenriksstjenestemann prøver kun ekteskapsvilkårene for norske borgere som er fast bosatt i embetsdistriktet, og bare i de tilfeller der prøvingen ikke kan foretas av norsk folkeregister.*

§ 7 bokstav a første punktum skal lyde:

Hver av dem skal legge fram fødselsattest fra folkeregisteret, *når prøvingen ikke foretas av folkeregisteret.*

§ 7 bokstav h andre punktum skal lyde:

*Folkeregisteret eller norsk utenriksstjenestemann kan gjøre unntak fra kravet i første punktum når særlige grunner taler for det.*

§ 9 første punktum skal lyde:

Dersom vigsleren, *folkeregisteret eller norsk utenriksstjenestemann* har grunn til å tro at noen av brudefolkene på grunn av alvorlig sinnslidelse eller alvorlig psykisk utviklingshemning mangler rettslig handleevne, kan det kreves lagt fram attest fra en offentlig lege eller fra en annen lege som en offentlig lege utpeker.

§ 10 skal lyde:

Har *folkeregisteret eller norsk utenriks tjenestemann* funnet at brudefolkene fyller ekteskapsvilkårene etter loven, og det heller ikke foreligger hindringer som nevnt i § 8 eller § 9, skal *brudefolkene få en attest* for at det ikke er noe til hinder for at ekteskapet blir inngått. *Attesten er gyldig i fire måneder etter utstedelsen.*

*Vedtak om å ikke utstede prøvingsattest kan påklages til fylkesmannen.*

§ 12 bokstav a skal lyde:

- a. prest i Den norske kirke, og prest eller forstander i et registrert trossamfunn, *eller seremonileder eller tilsvarende i livssynssamfunn som mottar tilskudd etter lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn* når Kongen har godkjent formen for inngåelse av ekteskap.

§ 12 nytt andre ledd skal lyde:

*Departementet kan ved forskrift gi utfyllende regler om tildeling og tilbaketrekking av vigselfrett for seremonileder eller tilsvarende i livssynssamfunn.*

§ 13 første ledd første punktum skal lyde:

*En vigsler som nevnt i § 12 bokstav a, kan nekte å foreta vigsel dersom en av brudefolkene ikke er medlem av trossamfunnet eller livssynssamfunnet, eller ingen av dem tilhører menigheten.*

§ 14 første ledd skal lyde:

Før vigsel finner sted, skal vigsleren *motta en attest fra folkeregisteret eller norsk utenriks tjeneste-*

*mann på* at ekteskapsvilkårene er prøvet, og at reglene i §§ 6 til 10 er fulgt.

Noverande andre ledd blir oppheva.

Noverande tredje og fjerde ledd blir andre og tredje ledd.

§ 16 første ledd nytt andre punktum skal lyde:

*Det samme gjelder dersom ekteskapet ble inngått uten at det forelå gyldig prøvingsattest i henhold til § 10.*

Ny § 16a skal lyde:

§ 16a. *Fylkesmannens adgang til å reise sak om ekteskapets gyldighet.*

*Fylkesmannen kan reise sak for å få dom for at et ekteskap består eller ikke består.*

§ 18 skal lyde:

Slektskap eller andre forhold som fører til ugildhet etter forvaltningsloven § 6, er ikke til hinder for at vigsleren foretar *vigsel*.

### III

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Dei enkelte føresegnene i lova kan tre i kraft til ulik tid.

### B.

Stortinget ber Regjeringen følge utviklingen av utvidelsen av vigselskompetansen og Folkeregisterets myndighet til prøving av ekteskapsvilkårene, og vurdere virkning av intensjon om å forebygge tvangsekteskap, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte innen utgangen av denne stortingsperioden.

Oslo, i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, den 13. november 2003

**Sonja Irene Sjøli**

leder

**Afshan Rafiq**

ordfører